


Mellom Himmel og Fjord




Kunstinstallasjonar langs vegen
til Mælen i Herand

- 1 **Aud Bækkelund** - *Bør*
- 2 **Siri Kollandsrud** - *Veiviser*
- 3 **Vibeke Nørgaard Rønsbo** - *Her*
- 4 **Bjørn Kromann-Andersen/Jens Rømer** - *Magisk teater på 3. balkong*
- 5 **Tuomas Korkalo** - *Demonstrasjon*
- 6 **Ingeborg Annie Lindahl** - *Relight my mind*
- 7 **Guro Øverbye** - *Eg er din ven*
- 8 **Linda Lid** - *Kva formar ditt syn*
- 9 **Judith Elisabeth de Haan** - *Frigjering* - (femte arbeid i serien "Dei har satt spor etter seg")
- 10 **Päivi Laakso** - "Ariels alvorlige lek i fjellheimen" - Shakespears "Stormen"
- 11 **Tinna Gunnarsdottir** - *Nay-chair in Nature*
- 12 **Solfrid Aksnes** - *Tak over hovudet*
- 13 **Arne Bakke Mælen** - *Notar på vandring*

Kunstlandskap Hardanger

www.kunstlandskap.no



Mellom Himmel og Fjord



Mellom Himmel og Fjord. SJÅ! var eit 3-årig prosjekt med kunst i landskapet i regi av kunstnarorganisasjonen Harding Puls i 2014 - 2016.




Prosjektansvarlege var Solfrid Aksnes, Aud Bækkelund og kurator Kjell-Erik Ruud. I 2020 vitaliserte me kunstløypa langs vegen til Mælen med 4 nye kunstverk av Harding Puls sine kunstnarar.

- Aud Bækkelund** God bør inn i en fjord og opp i ei or, briste eller bære.
- Siri Kollandsrud** "Veiviser " eller "*draumen*". Kollandsrud arbeider etter som ide og stad tilseier det. Ho er mellom anna oppteken av det forunderlege absurde og motsetningsfylte i tilvære.
- Vibeke Nørgaard Rønsbo** En guldsprække til fjeldets hemmelighed, storhed og eventyrlighed. Noget stort kommer til at ske...
- Bjørn Kromann-Andersen og Jens Rømer** "*Magisk teater på 3. balkong*". "*Ja vi har magisk teater på 3. balkong i maven på solens orange ballon, over øen er himmelviften jo blå når man har sine violette snabeltyrkersko på*". Til tross for at Mælen ikkje er ei øy, er det ein stad du ikkje treng narkotiske stoff for å fly og sjå både ut og inn. Her kan tankane dansa på fjella sine tredje, fjerde og femte balkong. Då kan du nettopp ta dine fiolette snabeltyrkersko på.
- Tuomas Korkalo** Utgangspunktet for Korkalo var å laga sin eigen arme. Han såg på korleis 30 cm høge figurar kan okkupere plassen han valte på Mælen. Med verket kommenterer han noko som skjer i Finland der folk er redde for mange ting. Nokre ekstreme høgrevridde personar har danna eigne vaktgrupper som liknar på organisasjonen Odins Soldatar. Dei proklamerer å beskytta folk og skapa sikkerheit i gatene.
- Ingeborg Annie Lindahl** "Relight my mind" er tankar kring synet vårt på kulturlandskap vs. naturlandskap. Ein stadspesifikk intervensjon i landskapet med kopling mellom det opphøgde og det jordiske. I skjæringspunktet mellom ulike bergartar sin ibuande symbolske form og kvalitetar vert historia og menneska sitt verdihierarki synleggjort.
- Guro Øverbye** Frå anna land. I same verd.
- Linda Lid** Forbi alt som formar meg ser eg ut i verda.
- Judith E. de Haan** Helleristingane i Herand viser 23 menneskefigurar. Figurane har sitt opphav i den jordbrukskulturen som var rådande i Noreg i bronsealderen (1300 f.Kr. - 500 f.Kr) og har truleg vorte del av ein kultus for sol og grøderikdom. Mitt arbeid er ein kultus for naturen som ein stad for rekreasjon og fridom.
- Tinna Gunnarsdóttir** "*Nay-chair in Natur*". Nay på engelsk kjem frå norrøn; nei. Tittelen viser til ein ubrukeleg stol, som er meir eit symbol enn ein funksjon. Ein metafor for transformering av natur. Materiale, aluminium, er utvunne av jorda og transformert inn i ein geometrisk form. Det er prøvet på at menneske er involverte. I eit menneske sitt liv varer den evig, men sett i universet sin tidsskala er det berre eit augneblink før den vert borte att.
- Solfrid Aksnes** "*Tak over hovudet*". Installasjonen har endra seg for 4. gong Frå helletak og himmel til klare fargar og no til mønster av hardangersaum og kniplingar.
- Päivi Laakso** Ariel er luftsånden i Shakespeares stykke "Stormen". Som i antikkens Hellas, bor Gudene også her i fjellheimen, skjult under de hvite snøtopper. De besøker oss sjelden, det skjer når verden er i stor forandring og vi trenger deres råd. Det gjelder å lytte.
- Arne B. Mælen** Notar på vandring - ja kven veit om kor dei vandrar. Arne bur på Mælen.

Vitalisering på Mælen i 2020 er støtta av Hordaland fylkeskommune

Støtte i 2014 -2016 til heile prosjektet

Støtte til kunstverka på Mælen 2014-2016



Takk for god hjelp i 2015
Alvhild og Gunnar Samland
Arne Bergstø
Olav Vik og Armin Krzalic



Stiftinga
Herand Aktiesagbrug

Magnus Eiken i Herand



Hardanger Maskin
v/Tore Eiken

Takk for god hjelp i 2016:
av Trond Vikane